

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 26/2005

Møtedato: 15.6.05

Arkiv nr: S 687

## **S 687, Jaslangen – oppføring av uthus**

Ola P. Haugrud skriv i brev datert 4.6.05 følgjande:

*Underskrivne søker herved om samtykke til oppføring av uthus på stølen som eigedommen gnr. 16, bnr. 16 har på Jaslangen (F-687). Uthuset er 7,00x2,60 m. Plasseringa er vist på vedlagte kartutsnitt.*

*Eg har også under teikning oppføring av sel på omlag 40 m<sup>2</sup>. Søknad vil bli oversendt for handsaming så snart forslaget ligg føre. Planen min er at uthuset kan nyttast som opphald inntil selet er oppført.*

*På stølsvollen står det ei dårleg brakke som skal bli fjerna i summar.*

Det er eit mindre hus på utvisinga og stølen blir brukt til saubeite.

Statskog skriv i brev datert 14.6.05 følgjande:

*Det er nå bare en brakke på utvisningen. Det er nå tenkt oppført uthus/oppholdsrom og også sel på på litt lenger sikt.*

*Utvisningen ble foretatt i 1983 (tidligere støl utvist på nytt), fjellstyrets vedtak i sak 15/82. I søknaden fra 1982 ble det også nevnt "muligheter for kyr/foringsdyr". Utvisningsforretningen er en kombinert støl/tilleggsjords-utvisning som tillates bebygd med nødvendige stølshus.*

*I pkt. 3 i utvisningsforretningen står det at dersom seteren eller den utviste tilleggsjorda ikke er tatt i bruk innen 5 år, faller utvisningen bort. Eventuelle hus skal da fjernes.*

*Det er vel da bare tilleggsjorda som er tatt i bruk innen fristen og stølsretten er egentlig opphørt.*

*Når det nå søkes om oppføring av stølsbebyggelse og arealet bare er tenkt brukt til beite, mener som kjent Statskog at støl bare kan bygges opp i forbindelse med tradisjonell stølsdrift med mjølkekyr.*

*Vi er også kjent med at fjellstyret vel mener at det også bør kunne utvises/bygges opp støler i forbindelse med beitedyr på grunn av krav om tilsyn med dyrene etc.*

*Vi kan derfor ikke tilrå at den omsøkte bebyggelse godkjennes. Vi foreslår at utvisningen omgjøres til tilleggsjord og at brakka som står der fjernes.*

*Dersom fjellstyret velger å godkjenne søknaden, ber jeg om gode begrunnelser med henvisning til gjeldende regelverk, da jeg finner å måtte forelegge en eventuell godkjennelse for Statskog sentralt hvis det ikke er planer om tradisjonell stølsdrift med mjølkekyr.*

Det står ingen plass i korkje fjellov eller utgreiing til fjellov at stølsbruk berre gjeld mjølkeproduksjon. Det må derfor leggast vekt på lokale tradisjonar og retten skal kunne nyttast på ein måte som til kvar tid er i samsvar med rasjonell bruk, og som er naturleg etter tida og tilhøva (§ 2 i fjellova).

Vestre Slidre statsallmenning er den allmenningen i landet med mest stølar (300 stk), trass i at det er ein av dei minste. Stølsbruket er framleis aktivt, dei fleste stølane er i drift og statsallmenningen er utan tvil det område i landet med best bevara stølsdrift. Her har stølsdrift vore nødvendig for å oppretthalde jordbruket, både for dei som driv sau, geit eller kyr. Dette har også gjort at stølsbruket har utvikla andre tradisjonar mot det som er vanleg i andre delar av landet.

Statskog har også vist til at det i Gudbrandsdalen ikkje blir godkjent korkje tilleggsjord eller husvære for sauedrift. I denne samanheng vil fjellstyret gjera merksam på at drifta i Gudbrandsdalen er basert på felles organisering med større inngjerda areal. I Vestre Slidre er det ikkje felles organisering og det er tradisjon for at sauedrifta blir drive individuelt. Sauebøndene brukar derfor stølsjordene som beite både vår og haust. Det er dessutan behov for tilsyn i løpet av sumaren. Det er derfor heilt klart andre behov ved saudrift her i Vestre Slidre samanlikna med Gudbrandsdalen. I Vestre Slidre er det også tradisjon for å få vist ut eit større areal kring stølen til beite eller oppdyrking, medan det andre stadar berre blir vist eit mindre område rundt husa. Det er såleis over lang tid innarbeidd ein annan praksis for stølar og tilleggsjord i Vestre Slidre.

Utvising av støl og godkjenning av bygging på støl er fjellstyret sitt ansvarsområde. Statskog skal berre gi uttale og fjellstyret skal gjera endeleg vedtak i saker som vedkjem støl.

Støl i bruk skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard*

*eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

I staden for å sende sakene til regional kulturminneforvaltning for å vurdere utforming av bygningane, kan fjellstyret ta ei vurdering av søknaden etter fastsette retningslinjer.

**VEDTAK:**

Fjellstyret finn at stølen er teken i bruk som støl og at det er behov for det omsøkte bygg, jfr. § 13 i stølsforskriftene. Utforming av bygningen er etter fjellstyret sitt syn ikkje i samsvar med retningslinjer frå regional kulturminneforvaltning. Fjellstyret ser behovet for eit husvære og finn at uthuset kan plasserast midlertidig inntil sel kan bli ført opp. Midlertidig plassering er avgrensa til tre år.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 22.6.05.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Ola P. Haugrud  
Statskog  
Vestre Slidre kommune LNT